

SMITTEVERNREGLAR FOR SKOLEN – DEN KULTURELLE SKOLESEKKEN MØRE OG ROMSDAL

Før besøk:

- Skolen vurderer om arrangementet kan gjennomførast med planlagt elevtal, eller om talet på elevar må reduserast for å oppretthalde smittevernreglane. Gi tilbakemelding til DKS Møre og Romsdal dersom det vert store avvik mellom planlagt elevtal per førestilling, og det som faktisk blir gjennomført.
- For arrangement i kulturhus eller på besøk hos andre skolar må skolen i samarbeid med kulturhus/besøksskole avtale publikumsplassering. Viss skolen opererer med kohortar så skal denne inndelinga følgjast. Viss ikkje er det kulturhuset sine smittevernreglar som må følgjast (1 meter).
- Utøvar ringer skolen sin kulturkontakt seinast 1 veke før arrangementet. Då skal følgjande bli avklart:
 - Smittevernpraksisen på skolen og andre forholdsreglar som ein må ta omsyn til.
 - Oppmøtestad for utøvar (Vi oppfordrar til at de møter utøvarane ute, og viser veg til lokalet)
- Planlegg innslepp, utslepp og plassering av elevane på førehand. Skolen set ut stolar/benkar.
- Sjekk at avstanden mellom publikum og scene/elevar er 2 meter. Merk gjerne opp dette med synleg tape o.l.
- Utøvar handterer instrument og medbrakt utstyr sjølv.
- Dersom utøvar treng berehjelp, må dette avtalast på førehand. Eventuell berehjelp må gjennomførast av ein frisk vaksen frå skolen.

Under besøk:

- Følg Folkehelseinstituttet sine generelle smittevernråd (www.fhi.no)
- Dersom utøvar varslar kulturkontakt om at han/ho har fått symptom på covid-19 under besøket, må kulturkontakt sørge for at utøvar blir isolert på eige rom før avreise.
 - Utøvar skal ta på seg munnbind og kontakte lokalt Koronatestsenter for testing. Utøvar skal ikkje bruke offentleg transport tilbake til hotell eller testsenter.
- Husk avstanden mellom elevar og scene på 2 meter. Utøvar held seg på eller bak scene ved innslepp og utslepp.
- Kontaktperson opnar dører og viser veg til spelestad, og viser kva rom som kan nyttast av utøvarane.
- Avstå frå handhelsing og hald minst 1 meter avstand.
- Avstå frå servering som kan medføre risiko. Utøvarane tek med eigen mat og drikke.